



FORSKRIFT OM GEBYRREGULATIV FOR SAKSHANDSAMING ETTER:

PLAN OG BYGNINGSLOVA.
LOV OM EIGARSEKSJONERING.
FORUREININGSFORSKRIFTA

HEIMEL

Bruk av gebyr har heimel i plan- og bygningslova § 33-1.

VEDTAK

Stryn kommunestyre 29. juni 2010, sak KS 030/10.

Stryn kommunestyre 18.12.2018, sak KS 132/18.

GENERELLE FØRESEGNER

Dei som får utført offentlege tenester etter plan- og bygningslova, lov om eigarseksjonering og forureiningsforskrifta skal betale gebyr til kommunen i høve til reglane i dette regulativet.

HANDSAMING AV BYGGESEAKER ETTER PBL.

Gebyrregulativet tek utgangspunkt i dei bygningstypane som er definerte i GAB-registeret/matrikkelen. Regulativet er basert på det faktiske sakshandsamingsarbeidet for dei ulike sakstypane, avhengig av tiltaksklasse. I tillegg kjem gebyr for godkjenning av foretak samt gebyr for handsaming av eventuelle dispensasjonar. Der det er vist til areal, er det meint bruttoareal på bygningane (NS 3940).

§ 1 Gebyret inneholder

Totalt gebyr inneholder: Sakshandsaming, administrasjonskostnader knytt til saka, godkjenning av ansvarlege, dokumentkontroll, ev. tilsyn og nødvendige attestar. Gebyret vert sendt til tiltakshavar.

§ 2 Betalingsplikt

Alle som får utført tenester etter dette regulativet skal betale gebyr. Gebyret skal vere betalt seinast før igangsetting av tiltaket.

§ 3 Avrekningstidspunkt

Gebyret vert utrekna i høve til det regulativ som gjeld når fullstendig søknad/ melding er komne inn til kommunen.

§ 4 Kombinerte bygg

Har bygningen fleire funksjonar, vert gebyret rekna etter høgaste gebyrklassse.

§ 5 Midlertidige bygningar

Ved midlertidige bygningar, plassert for lengre tid enn 4 månader, skal det betalast fullt gebyr.

§ 6 Tiltak som kjem inn under fleire tiltaksklasser

Ved tiltak som kjem i fleire tiltaksklasser, vert gebyret rekna etter høgste tiltaksklasse.

§ 7 Andre arbeid

For andre arbeid der det ikkje er faste gebyr, og for arbeid som skal godkjennast etter brukt tid, skal det brukast ein timesats på **kr 805,-** (frå 01.01.2020).

§ 8 Gebyr for sakkunnig hjelp

Kommunen kan i særlege høve rekvirere sakkunnig hjelp for å få gjennomført nødvendig tilsyn i samsvar med reglane i plan- og bygningslova §§ 33-1 og 25-2 andre ledd.

For sakkunning hjelp blir det kravd eit gebyr i tillegg til konsulentutgiftene på kr.1000,-

§ 9 Ulovlege tiltak og pålegg etter plan- og bygningslova

På grunn av kommunen sine meirutgifter ved saksbehandling av ulovleg igangsette eller utførte tiltak, skal det betalast gebyr etter medgått tid og satsar i § 7 i dette regulativet. Minstegebyr: 2 gonger basisgebyret. I tillegg kan kommunen kreve dekking av sine kostnader til sakkunning hjelp. Gebyr skal også betalast der søknaden medfører avslag.

§ 10 Meirverdiavgift

Det skal ikkje betalast meirverdiavgift på gebyr med unntak av gebyr etter brukt tid.

§ 11 Avslag

Ved vedtak som medfører avslag på ramme-/igangsettingsløyve eller ett-tinnssøknad må det betalast 25% av fullt gebyr.

§ 12 Urimeleg gebyr

Dersom gebyret vert urimeleg i høve til det arbeid og dei kostnadane byggjesaksavdelingen har hatt med saka eller er åpenbart urimeleg av andre grunnar, kan kommunen fastsette passande gebyr.

§ 13 Klageadgang

Det kan ikkje klagast på fastsetting av gebyr i den einskilde sak. Kommunal avgjerd i søknad om reduksjon av gebyr, kan klagast på etter reglene i forvaltningslova.

§ 14 Indeksregulering

Gebrysatsene for handsaming av byggesaker m.m. og saker etter forureiningsforskrifta skal indeksregulerast ved kvart årsskifte i takt med Statisk Sentralbyrå sin kostnadsindeks (tabell A-einebustad i tre). Alle satsar skal avrundast til nærmaste kr 5,-. Basisdato er 15.12.97 - indeks 252,9.